



STRAND KOMMUNE

Dato: 09.03.2024

Deres ref.:

Vår ref.: 23/627 / 24/9642 / VASREI

Til:

Isabella Jansen Fiskå

Leif Petter Sigmundstad

Linn Susanne Neverdahl Krogevollhagen 9 4121 Tau

Marianne Livastøl

Øyvind Mikal Ur Sørskårvegen 271 4121 TAU

Referat frå Samarbeidsutvalet 04.03.2024 - Nordre Strand oppvekstsenter

Tid: Kl. 19.00 – 20.30

Stad: Nordre Strand oppvekstsenter

Til stades: Ingunn Gjeitanger, Leif Petter Sigmundstad, Linn Susanne Neverdahl, Tilde Neverdahl, Marianne Livastøl, Trine Sørskår og Reidun A. Vasstveit

Forfall: Isabell Jansen Fiskå

Møteleiar: Øyvind Mikal Ur

Sak 1 Ingen merknader til innkalling.

Sak 2 Barnehagen

- Opptak 7. mars. Størst søknad til småbarnsavdelinga. Stor avd. ser ut til å få nok barn. Ved fleksibelt opptak blir Tau aktivitetshus brukt, det betyr at ein skal få plass innan to månader. Fleksibelt opptak er vanskeleg med tanke på bemanning og er ei dyr ordning. Eikehaugen tar inn eit ekstra barn som ei løysing.
- Plandagane blir flytta til 13. og 14. august. Nytt barnehageår startar 15. august.
- Brukarundersøkinga. 38 var invitert, mens 23 tok undersøkinga. Ser i etterkant at foreldre som har barn på begge avdelingar eller tre barn, tok nok undersøkinga berre ein gong.
- Oppgradering av garderobe. Begge garderobane får ei oppgradering og den eine får også eit vognskur kor barn kan sove trygt i vogn. Det gamle soverommet blir no eit leikerom.

Sak 3 Skulen

- Fram til nytt år hadde elevane i hovudsak berre leselekse. Lærarane ser nå at det er behov for lekser for å få eit høgare fagleg nivå i norsk, matematikk og engelsk. Fram mot sommaren vil det bli lekser i desse faga. Leksene skal vere øving på noko eleven kjenner til og har lært på skulen, for elevane treng meir øving på enkelte ting.
-
- Vekeplanen blir etter påske berre digital for elevar som har Chrome book, d.v.s. 2. – 7. trinn. Eleven og foreldra finn den i Classroom i mappa Vekeplan. Etter kvart vil den også vere å finne på Strand kommune si nettside, skular, NSO. Den gamle Heimesida til Nordre Strand oppvekstsenter er sagt opp
- Minner om avtalen føresette har skrive under på ang. Chrome book til elevane. Den skal brukast til skulearbeid og skal vere full lada når eleven kjem til skulen.
- Bussen. Skulen har samla inn FAU sitt skriv til føresette ang. oppførsel og språk på bussen.
- Elevundersøkinga. Det som kom lågaste ut på NSO var områda Vurdering for læring, Læringskultur, Meistring og Motivasjon. Dette vil skulen og lærarane jobbe vidare med framover. Positivt var at det er så og seie ikkje mobbing på skulen.
- Elevrådet. Temaet Helse og livsmeistring som skulen hadde saman med FAU, var lærerikt og kjekt. Kanskje eit tema som bør komme inn i skulen sitt årshjul. Elevane var fornøgde med karnevalet som var i februar. Dusjane er for harde og kalde. 7.trinn ønskjer seg til Kongeparken før sommaren. En del stygg språkbruk ennå på skulen. Skulen skal ha to veker med Leseprojekt før påske.

Sak 4 FAU

- Buss. Skulen, elevrådet og heimen må halde tak i språkbruk og oppførsel på bussen slik at alle kan føle seg trygge og ha det greitt. Skulen jobbar kontinuerleg med dette. Elles må føresett gi beskjed / melde frå til busselskapet viss det er andre problem med bussen.
- Uakseptabelt språkbruk. FAU og skulen vil samarbeide og jobbe vidare med dette. Kjem tilbake til korleis vidare arbeid skal gå føre seg.

Med helsing

Reidun Annette Vasstveit
verksemdsleiar/rektor
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur.

Kopi til:

Ingunn Gjeitanger
Trine Sørskår